

ANDAKT UNDERVEGS

Her er ei forenkling av ordninga for pilegrimsvandring i Bøneboka (Verbum 2002).

Ordninga her består av ein enkel liturgisk andakt

- ved starten
- langs vegen
- for måltidet / rasteplassen
- skaparverket
- ved målet
- under heimreisa

VED STARTEN

Salme

Med Jesus vil eg fara
på livsens ferd i lag.
Gud, lat den samferd vara
alt til min døyand dag!
Det er mi høgste æra,
det er mi største ros,
hans fylgjesvein å vera
og vandra i hans ljøs.
(Norsk Salmebok 418)

Tekstlesing

Herren sjølv skal gå føre deg. Han skal vera med deg. Han skal ikkje sleppa deg og ikkje gå frå deg. Ver ikkje redd, og miss ikkje motet! (5 Mos 31, 8)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, himmelske Far, vi takkar deg for at du kjenner oss og ser til oss ved starten av denne pilegrimsvandringa. Velsign oss som no dreg av garde. Vara oss frå alt vondt og lat ingenting skada oss. Vara både vår kropp og vår sjel, og hjelp oss til å vandra med eit ope sinn for det du vil visa oss undervegs. Hjelp oss til å lytta til di røyst og vera opne for at du kan fornya trua og livet. Amen.

Fadervår

Velsigninga

LANGS VEGEN

Salme

Hjelp oss på de trange stier,
støtt oss i de bratte lier,
sval oss under dagens brann!
Vokt oss på de glatte stene,
trøst oss, skal vi gå alene,
du som alltid vil og kan!
(Norsk Salmebok 663)

Tekstlesing

Kast all dykkar sut på han, for han har omsut for dykk.
(1. Pet 5,7)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, himmelske Far, takk for at du er vegen, og for at du er den som gjev livet og retninga for livsferda vår. Takk for at du tok byrdene våre og syndene våre på deg, og for at du ber oss gjennom livet heilt fram til deg i ditt evige rike. Amen.

Fadervår

Velsigninga

MÅLTIDET / RASTEPLASSEN

Salme

Gud signe maten på vårt bord,
og mette kvar ein munn på jord!
Gud signe oss med faderhand,
Gud signe heim og folk og land!
(Norsk Salmebok 793)

Tekstlesing

Så tok Jesus dei fem brøda og dei to fiskane, såg opp mot himmelen og bad takkebøna.
Og han braut brødet og gav det til læresveinane; dei skulle dela det ut til folket. Dei to fiskane delte han òg ut, så alle fekk.
(Mark 6, 41)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, himmelske Far, du har skapt jorda og gjev liv til alt som lever. Velsign vårt måltid. Vi ber deg: Lat regnet falla og sola skina, så korn og frukter kan veksa og gje mat og drikke til dei som svelt. Gje fred og frukt i alle land, velsign jorda, lufta og vatnet. Amen.

Fadervår

Velsigninga

SKAPARVERKET

Salme

Opp, alle ting som Gud har gjort,
hans herlighet å prise!
Det minste han har skapt, er stort
og kan hans allmakt vise.
(Norsk Salmebok 283)

Tekstlesing

Sjå på fuglane under himmelen! Dei sår ikkje, dei haustar ikkje og samlar ikkje i hus, men Far dykkar i himmelen føder dei likevel. Er ikkje de mykje meir enn dei? Sjå liljene på marka, korleis dei veks! Dei arbeider ikkje og spinn ikkje, men eg seier dykk: Ikkje eingong Salomo i all sin herlegdom var kledd som ei av dei. Søk fyrst Guds rike og hans rettferd, så skal de få alt det andre attåt.

(Utdrag frå Matt 6,25-34)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, vi takkar deg for alt vakkert rundt oss, for trea og blomane, for vakre fargar og mangfaldet av artar. Takk for alt som minner oss om di omsorg. Gjev også at vårt indre kan verta kledd i Kristi reinleik og veksa av hans kjærleik. Hjelp oss å visa den same omtanken og omsorga for kvarandre som Jesus viste. Amen.

Fadervår

Velsigninga

VED MÅLET

Salme

Deilig er jorden,

prektig er Guds himmel,
skjønner er sjelenes pilgrimsgang!
Gjennom de fagre
riker på jorden
går vi til paradiset med sang.
(Norsk Salmebok 56)

Tekstlesing

Eg meiner ikkje at eg alt har nått det eller alt er fullkomen, men eg jagar mot det for å gripa det, av di eg sjølv er gripen av Kristus Jesus. Brør, eg trur ikkje om meg sjølv at eg har gripe det. Men eitt gjer eg: Eg gløymer det som er attanfor og tøyser meg etter det som er framan-for, og jagar mot målet, mot den sigerskrans som Gud frå det høge har kalla oss til i Kristus Jesus. (Fil 3,12-14)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, himmelske Far. Takk for at du har ført oss vel fram til målet for vandringa vår. Takk for at din Son, Jesus Kristus, er vegen og målet for vårt liv. Lei oss ved din gode Heilage Ande. Takk for at vi får høyra deg til i livet og i døden, i dag og i all æve. Amen.

Fadervår

Velsigninga

HEIMREISA

Salme

Ja, engang mine øyne skal
se Kongen i hans prakt;
få tilbe i hans tempelhall
hans nåde og hans makt.
I et krystallklart hav av lys
forsvinner tidens natt og gys,
forvandlet blir hver gåte her
til lovsangsjubel der.

(Norsk Salmebok 863)

Tekstlesing

Eg vil læra deg og visa deg
den vegen du skal gå.
Eg vil la mitt auga kvila på deg
og gje deg råd.
(Sal 32, 8)

Stille / meditasjon

Bøn

Herre Gud, himmelske Far. Takk for alt vi har sett og lært på vandringa. Takk for at din Son Jesus Kristus går med oss vidare på livsferda. Velsign heimreisa, Gud, og lat oss ved din Heilage Ande få koma litt forandra og fornya heim att, og ein gong heilt heim til din himmelske herlegdom. Amen.

Fadervår

Velsigninga

Fadervår

Fader vår, du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld, som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freisting, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve. Amen.

Velsigninga

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg
og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg
og gjeve deg fred.